



Bondelagsduoen slår opp bodskaen medan politikarane set seg til bords

Folketalet veks både her og ute i verda. Skal vi klare å produsera mat nok til alle, må produksjonen auka kraftig. Og norske bønder er klare til å ta på seg oppgåva. Dette var bodskaen som Halvard Fausk frå Omvikdalen og Lars Johan Næs frå Rosendal kom med til politikarane i Kvinnherad på vegne av dei 7 bondelaga i kommunen under kommunestyremøtet i Husnes Kulturhus i dag. Eitt av laga er det i Uskedalen, som har fått nytt liv i det siste.



Ordførarkandidatane skriv under på bodskapen

Det var ein landsomfattande bodstikkestafett som var innom kommunen. Med den vil Norges Bondelag synleggjera behovet for auka matproduksjon og kva landbruket kan bidra med.

Stafetten starta i Sogn og Fjordane i byrjinga av mars og sluttar med ei stormønstring i Oslo 12.april. I dette tidsrommet skal bodstikka innom alle dei 430 komunane og i kvar einaste kommune engasjerar bondelaget med seg støttespelarar.


På Husnes underteikna dei 8 ordførarkandidatane oppropet i bodstikka der det blir minna om at Kvinnherad er det tredje største jordbrukskommunen i fylket. Bondelaga held fram at dei ynskjer eit tettare samarbeid med kommunen for å stimulera til auka matproduksjon og der skjøtsel av kulturlandskapet dannar grunnlaget for turismen. Og det har altså no ordførarkandidatane lova. Ingen av dei nekta å skrive under.

Bodstikkestafetten blir adressert heilt til topps, nærare bestemt til regjeringa som i vår skal leggja fram ei ny landbruks- og matmelding. Bondelaget ynskjer mat- og energiproduksjon med basis i norske ressursar og med eit variert landbruk over heile lanet. Det opprettheld kulturlandskapet og eit veksande reiseliv.

Den største utfordringa er å ta vare på og auka produksjonen innanlands og det lokale særpreget i matkulturen, held bondelagsleiarane fram. Dei krev auka produksjon basert på norske ressursar, styrka jordvern, at landbruket skal bli ein netto energileverandør før 2030 og at det blir auka inntekter

Fausk og Nes formidla bodskapen både skriftleg og munnleg til dei kvinnherske politikarane. Dei song til og med ein sentralt dikta song der den innleiande strofa var 'Med beina på jorda vi stiller til start, ta med deg ein ordførar, traktor og kart.'

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen.

Kvinnherad er den 3. største jordbrukskommunen i Hordaland.  
 Vi ynskjer eit fettere samarbeid med Kvinnherad Kommune  
 for å stimulera til auka matproduksjon, og der skjøtsel  
 av kulturlandskapet dannar grunnlaget for turismen i  
 kommunen vår. Vi er klar til å bretta opp armene og  
 ta fatt på denne viktige oppgåva.  
 Bondelaga i Kvinnherad  
 Halvard Fausk      Einar Soghaug  
 Lars Johan Næs  
 Sympere Velbakkar.  
 Mart Eirikut Bjørn  
 Hege Logreid Rørslund  
 Laila Svane Lenes      Bjell Lyr  
  
 Ole Solbakk

Slik går bodstikka vidare frå Kvinnherad